



Årsmøte 2025

Gloppen Senterparti

vert halde i Breimshallen

torsdag 23. januar 2025 kl. 19.30



Kommunestyregruppa; Ein blid gjeng !

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Konstituering
3. Årsmelding for Gloppen Senterparti 2024
4. Rekneskap for Gloppen Senterparti 2024
5. Val etter lova
6. Aktuelle lokalpolitiske saker ved gruppeleiar
Per Jarle Myklebust
7. Arbeidsplan 2025
8. Uttale
9. Gjest- Statsråd Erling Sande

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 2 Konstituering

- Val av møteleiar
- Val referent
- Val av to representantar til å skrive under møteboka

Framlegg til vedtak:

- Elise Eide Dvergsdal som møteleiar
- Karoline Bjerkeset som referent
- Bernt Reed og Magni Aa Berge til å skrive under møteboka

Årsmøtet vel desse til møteleiar, referent og to til å underskrive møteboka:

Sak 3 Årsmelding 2024

Årsmøtet vart helde i kommunestyresalen på Heradshuset, Sandane, onsdag 31. januar 2024. Det var 14 medlemar til stades, det var meldt dårleg vær slik at dette spelte nok inn på oppmøte. Nestleiar i fylkestyret Leidulf Gloppestad var gjest på årsmøtet og held ei helsing til årsmøte.

Styret i 2024 har vore:

Leiar	Elise Eide Dvergsdal
Nestleiar	Einar Duvold
Kasserar	Arvid Gimmestad
Studieleiar	Marit Elisabeth Larssen
Styremedl.	Ørjan Hestenes
Styremedl.	Maria Veien
Styremedl.	Magni Aa Berge



Nestleiar og leiar ved årsmøte 2024, eit godt team 😊

Styremedl.	Eivind Steig
1. vara	Per Rune Vereide
2. vara	Turid Bøyum
3. vara	John Elling Vereide


Gloppen Senterungdom sin representant har vore Kristian August Vereide.

I tillegg er gruppeleiar medlem i styret med røysterett.

Styrearbeid og organisasjonsarbeid

Aktiviteten i lokallagsstyret har teke seg opp og styret har vore aktive og samarbeida godt. Styret har forsøkt å ha litt aktivitet i organisasjonsåret, og prøvd å bygge organisasjonen sterkare.

Arbeidsåret har vore prega av at det har vore organisasjonsår, der vi har hatt 4 styremøter og elles har kommunikasjonen vore på e-post og messenger gruppa vår. Vi har hatt stand ved ein landsbylaurdag i juni og på sandane dagane i august. Vi har arrangert eit medlemsmøte i lag med kommunestyregruppa der skulestruktur og Firda vidaregåande var tema. Vi har også vore medarrangør til temamøte om jordbruk og sjølvforsyning saman med Sogndal og Sunnfjord Sp. Det blei også arrangert eit temamøte «det grønne hjulet» på sandane der vi deltok. Vi har hatt forskning og utdanningsministeren Oddmund Hoel på bedriftsbesøk i Hyen. Laget stilte med full delegasjon på årsmøte for Sogn og Fjordane Senterparti. Vi avslutta året med eit julebord med god mat der delar av styret og kommunestyregruppa var med.



Siste styremøte for 2024 foregjekk på teams 😊

Kommunestyregruppa har arbeidd godt i opposisjon og har fått synleggjort mange av våre forslag, sjølv om det ikkje har ført til gjennomslag for alt. Vi løfta fram vårt alternative budsjett i godt samarbeid med Gloppen SV der vi mellom anna utsette tiltakspakka med eitt år for å sikre god utgreiing av løysingar for både skulestruktur og omsorgstilbod før vi tok eit val på kva som ville vere det beste alternativet. Vi nådde ikkje fram med fleirtal for dette, men vil følgje opp dei viktige sakene også vidare gjennom året.



Delegasjonen vår med aktuelle «Glopparar» på fylkesårsmøte 2024

Gloppen Senterparti registrerer gruppemøta til kommunestyregruppa, det grønne hjulet og nytt stortingsvalprogram som studiearbeid knytt til ulike studieringsopplegg i regi av Senterpartiets studieforbund. Studieleiar er ansvarleg for å levere inn timar på dette.

Medlemmar av Gloppen Sp som har tillitsverv/stillingar

- Leidulf Gloppestad er 1. nestleiar i fylkesstyret i Sogn og Fjordane Senterparti.
- Karoline Bjerkeset er medlem i Senterpartiet si programnemnd for nytt stortingsvalprogram 2025-2029.
- Per Rune Vereide er tilsett som organisasjonsrådgjevar i Senterpartiet. Han har delteke på ei rekke arrangement i Senterpartiet (sentralt/fylket) i kraft av si stilling. Han er også dei tilsette sin representant i sentralstyret i Senterpartiet.
- Torunn Flatjord er tilsett som fylkessekretær i Sogn og Fjordane Senterparti og deltek på ei rekke arrangement i Senterpartiet (fylket) i kraft av si stilling.
- Erling Sande er vald inn som stortingsrepresentant frå Sogn og Fjordane valkrins og er no kommunal- og regionalminister i regjeringa Støre.
- Signe Bjotveit har vore politisk rådgjevar for tidlegare statsrådar Ola Borten Moe/Sandra Borch og no for statsråd Oddmund Hoel i Kunnskapsdepartementet, fram til ho i november 2024 blei statssekretær i same departement.
- For senterungdomane i Gloppen syner vi til eiga melding.

Kommunestyregruppa i perioden 2023-2027

- Per Jarle Myklebust – formannskap/gruppeleiar

- Karoline Aldis Bjerkeset - formannskap
- Anders Felde - samfunnsutvalet
- Bernt Reed – driftsutvalet, nestleiar
- Marit Elisabeth Larssen - samfunnsutvalet
- Baard H. Bolstad - driftsutvalet
- Julie Kristin Lothe – driftsutvalet
- Anne Berit Selle – kontrollutvalet, leiar



Kommunestyregruppa ein sommardag.

Årsmelding Gloppen Senterungdom

Årsmøtet vart helde på Mona Lisa søndag 22. september der vi samlast og åt pizza. oppmøtet var litt ikkje allverden, men vi fekk det fint til med en hybridløysing via Teams.

Styret fram til årsmøtet har bestått av:

Leiar	Kristoffer August Vereide
Nestleiar	Jenny Flølo Kleppe
Kasserar	Steffen Fjellestad
Styremedlem	Amalie Alme
Styremedlem	Taline Nygård



Ved årsmøtet vart det nye styret for 2025 vald:

Leiar	Kristoffer August Vereide
Nestleiar	Sandra Gimmestad Støyva
Kasserar	Steffen Fjellestad
Styremedlem	Taline Nygård
Styremedlem	Amalie Alme

I 2024 vart det ikkje gjennomført like mykje aktivitetar som året før, men vi var med på en del.

I januar holdt Sogn og Fjordane Senterungdom årsmøte på Sandane. Der hadde vi mange gode og viktige diskusjonar som vi deltok i. Vi hadde besøk av leiaren i Senterungdommen, Andrine Hanssen-Seppola. Kommunal- og distriktsminister Erling Sande og Stortingsrepresentant Aleksander Øren Heen. Dei hadde mykje god fagleg kunnskap å komme med som vi kunne ta til oss.

I Mars deltok vi på Sogn og Fjordane sitt Fylkesårsmøte i Førde



Eit tema som var i vinden for oss i år var dei vidaregåande skulane i fylket. Fare for fleire linjer ved ulike skular kunne gå tapt. Vi i Gloppen senterungdom hadde tenkt at vi skulle ha stand på Firda VGS. Men sia saka vart såpass stor i Nordfjord, samarbeida lokallaga i Nordfjord om å ha stand på flere skula i Nordfjord, samt elles i Sunnfjord og Sogn. Vi deltok på høyringsmøtet for skuleskrutur/tilbod i Nordfjord i operaen på Nordfjordeid 30. April. På ettermiddagen samlast vi på en pizzasamling med medlemmer på tvers av senterungdomslokallaga i Nordfjord.

Steffen Fjellestad sit også i fylkestinget og jobba hardt for å behalde linjer ved fleire skular. Både i fylkestinget og i media.

I november var Kristoffer August utsending til landsmøtet i Senterungdommen som føregjekk i Oslo.

Tillitsverv/ stillingar medlemmer av Gloppen SUL

- Signe Bjotveit vart statssekretær!
- Taline Nygård var styremedlem i Sogn og Fjordane Senterungdom
- Jenny Flølo Kleppe var leiar i Oslo senterungdom og leiar i Oslo Senterstudenter
- Kristoffer August Vereide var vara i kommunestyre og i samfunnsutvalet
- Steffen Fjellestad var og er vara i fylkestinget, Hovudutval for opplæring- og kompetanse og trafikktryggingsutvalet.
- Jenny Flølo Kleppe vart valgt som ungdomskandidat hos Oslo Senterparti til stortingsvalget
- Steffen Fjellestad var leiar i Ås senterstudenter fram til September 2024
- Kristoffer August Vereide var styremedlem i Sogn og Fjordane Senterungdom
- Steffen Fjellestad var organisatorisk nestleiar i Sogn og Fjordane Senterungdom

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2024.

Sak 4- Rekneskap 2024

Sjå eige dokument.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2024.

Sak 5- Val etter lova

Valnemda si innstilling til årsmøtet I Gloppen Senterparti 2025

Nytt styre	Namn	Neste valår
Leiar:	Einar Malvin Duvold – ny som leiar	2027
Nestleiar:	Magni Aa Berge – ny som n.leiar	2026
Kasserar:	Arvid Gimmestad	2026
Studieleiar:	Marit Elisabet Larssen	2026

Styremedlem:	Ørjan Hestenes- attval	2027
Styremedlem:	Eivind Steig- attval	2027
Styremedlem:	Kristoffer August Vereide- ny	2027
Styremedlem:	Maria Veien	2026
Varamedlemer:		
1. Varamedlem:	Per Rune Vereide- attval	2026
2. varamedlem:	Randi Støyva- attval	2026
3. Varamedlem:	Julie Lothe- ny	2026
Revisorar:		
1. Bernt Reed - ny		2026
2. Anne Berit Selle- attval		2026
Valnemd		
Arvid Gimmestad- ny som leiar		2026
Margrete Mjellem		2027
Sonja Jordanger Loen- ny		2028

Årsmøteutsendingar

Einar Duvold møter automatisk som leiar

Per Jarle Myklebust møter automatisk som gruppeleiar

Årsmøtevalde:

1. Magni Aa Berge
2. Arvid Gimmestad
3. Marit Elisabeth Larssen
4. Kristoffer August Vereide
5. Karoline Bjerkeset

Utsendingar til nominasjonsmøte

1. Einar Duvold
2. Magni Aa Berge
3. Arvid Gimmestad
4. Karoline Bjerkeset
5. Per Jarle Myklebust
6. Marit Elisabeth Larssen

Styret får fullmakt til å supplere deltakarar på årsmøte og nominasjonsmøtet t i Sogn og Fjordane Sp ved forfall.

Styret får og fullmakt til å velje valkampleiar.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek innstillinga frå valnemda.

Sak 6 - Aktuelle lokalpolitiske saker v/ gruppeleiar Per Jarle Myklebust

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet tek orienteringane til vitande.

Sak 7 - Arbeidsplan 2025

Medlemsaktivitet og lagbygging

Målet for aktiviteten for 2025 vert å gjennomføre ein aktiv og god valkamp for å behalde Sp i regjering. Fokusområda blir valkamp, å ha politiske møter knytta til aktuelle saker i kommunestyret og tilby aktivitetar til medlemane. Medlemane må føle at dei får noko tilbake for å vere medlem. Vi må ha fokus på medlemsverving i samband med valkamparbeidet, det gir gode muligheiter for å verve nye folk.

Styret har som mål:

- Ha minimum 4 styremøter
- Gjennomføre eitt studiearbeid gjennom året
- Dele og poste aktuelle saker og ting på facebook sida vår
- Legge lesarinnlegg på heimesida vår og dele på sosiale media (ikkje alle har nettavis pga betalingsmur)
- Arrangere minst eitt medlemsmøte
- Arrangere sommarfest, der alle Sp medlemar blir invitert

Informasjonsarbeid



Gloppen Senterparti skal kommunisere med medlemmene ved å:

- Nytte aktivt sms og e-post til utsending av informasjon til medlemmene
Medlemsregisteret skal vere oppdatert med telefon og e-post for dei som har dette
- Styret og kommunestyregruppa har eit felles ansvar for å kome med innhald og oppdateringar på laget si heimeside og i sosiale media
- Bruke sosiale media for å synleggjere politikk og aktivitet i laget

Valkamp

Hovudaktiviteten for 2025 vert å gjennomføre ein god valkamp for Senterpartiet. Det vil vere viktig å trekkje listekandidatane aktivt med i arbeidet og få eit godt miljø for å drive senterpartiarbeid. Erfaringar frå førre valkamp viste at vi ikkje alltid lukkast med å få budskapet ut og svare ut kritikken som kom vår veg. Dette må vi jobbe for å ha ein strategi på og lukkast med formidling av budskapet; Senterpartiet er alternativet til eit betre Norge. Våre nei er ja til noko betre!

Det vert sett ned eit valkamputval som får hovudansvaret for dette. Valkampear blir vald på første styremøte. Viktige punkt for året og valkampen blir:

- Aktivitet knytt til stortingsvalet til hausten, stand mm jf. eigen valkampplan.
- Politiske møter knytt til aktuelle tema og i samband med valkamparbeid
- Medlemsverving
- Standaktivitet knytt mot valkamp
- Gode opplegg i lokalsamfunnet når vi får besøk av sentrale folk
- Presse og sosiale media strategi
- Kommunikasjon av Senterparti budskapet ut til folket

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek arbeidsplanen for 2025.



Ordfører i Stryn, rektor ved Firda vgs og gruppeleiar på temamøte vårt om Firda vgs og skulestruktur.

Sak 8 - Uttale

Vert lagt fram på årsmøte.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek uttalen med redaksjonelle endringar.

Sak 9- Gjest; Erling Sande

Kommunal og moderniseringsminister er gjesten vår og held innleiing. Vi får nok høyre blant anna litt om «ekte» distriktpolitikk!



Bedriftsbesøk hos Brødrene Aa med forsknings og utdanningsminister Oddmund Hoel